


Årsmelding og rekneskap 2014



Sogn regionråd

Innhald

1	Sogn regionråd	3
1.1	Møte og deltaking	3
1.2	Arbeidsgrupper.....	3
1.3	Rekneskap – økonomiske resultat.....	4
2	Aktivitetar i 2014	4
2.1	Næringsutvikling.....	4
2.1.1	Regionale møteplassar.....	4
2.1.2	Reiseliv	5
2.1.3	Tilflytting og rekruttering.....	5
2.2	Utdanning og kompetanse	6
2.3	Samferdsle.....	9
2.4	Helse	10
2.5	Kommunereforma	10
2.6	IKT.....	10
2.6.1	Fellesordningar i Sogn regionråd	10
2.6.2	Samarbeid i fylket	11
2.6.3	Geografisk informasjonssystem (GIS)	11
2.7	Samarbeidsfora i Sogn regionråd	12
2.7.1	Rådmannsgruppa	12
2.7.2	Regionale nettverk.....	12
2.8	Orienteringar og gjesteforedrag.....	13
2.9	Rapportar	14
2.10	Fråsegner frå Sogn regionråd	14
3	Rekneskapsversikt - Sogn regionråd	15
3.1	Bruk av fond	16

1 Sogn regionråd

1.1 Møte og deltaking

Sogn regionråd er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27. Kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal er medlemmar. Høyanger kommune vart medlem i Sogn regionråd frå 1.3.2014.

Ordførararane i kommunane er faste medlemmar i regionrådet.

Balestrand kommune, Harald Offerdal (leiar)

Aurland kommune, Noralv Distad

Høyanger kommune, Petter Sortland

Leikanger kommune, Olav Lunden

Luster kommune, Ivar Kvalen

Lærdal kommune, Jan Geir Solheim

Sogndal kommune, Jarle Aarvoll

Vik kommune, Marta Finden Halset

Årdal kommune, Arild Ingar Lægreid.

Sogn regionråd hadde 5 møte:

28. februar, Vik

7. mai, Lærdal

24. juni, Hardanger

12. september, Årdal

5. desember, Balestrand

Rådet handsama 33 saker i løpet av året.

Det var felles formannskapsdag 5. september i Sogndal og ordførarmøte 11. september på Årdalstangen. Sogn regionråd besøkte Hardangerrådet 24. juni i Ulvik.

Sogn regionråd har eige sekretariat med dagleg leiar tilsett i full stilling.

1.2 Arbeidsgrupper

Arbeidsgruppene gjev tilråding til regionrådet innan sine saksområde og har ikkje vedtaksmynde. Det er laga retningslinjer for arbeidsgrupper. Arbeidsgruppene hadde følgjande møteaktivitet:

- Samferdslegruppaa (2 møte)
- Helsegruppaa (1 møte)
- Næringsutviklings-/RUP-gruppe¹ (1 møte).

¹ Regional utviklingsplangruppe

1.3 Rekneskap – økonomiske resultat

Rekneskapen for 2014 vert revidert som ein del av rekneskapen i Sogndal kommune.

Sogn regionråd fekk totalt tilført inntekter på kr 8 760 870. Av dette utgjer eksterne midlar kr 3 032 520 og refusjon frå kommunane kr 5 248 746, inkludert kr 3 275 000 i kontigentmidlar.

Det er brukt kr 908 726 av bundne fond, medan ubrukte midlar kr 1 843 359 er avsett til fond. Positivt netto driftsresultat er kr 849 482.

Renteinntektene for fondsmidlane utgjer 85 150, og er avsett til fondsmidlar kontigent. Meirverdiavgiftkompensasjonen utgjer kr 479 604.

Detaljar i rekneskapen og gjennomgang av bruken av fondsmidlar går fram av punkt 3 i årsmeldinga.

2 Aktivitetar i 2014

Sogn regionråd har skissert mål og strategiar for prioritering av regional utvikling i "Regionalplan for Sogn 2013-2016". Sogn regionråd har tre satsingsområde: Næringsutvikling, samferdsle og helse. Det vert laga tiltaksplan for kvart år.

Sogn regionråd har samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune for gjennomføring av regionalt utviklingsprogram. Dei regionale utviklingsmidlane frå fylkeskommunen utgjer kr 550 000.

RUP-gruppa følgjer opp arbeidet med regionalplanen og samarbeidsavtalen med fylkeskommunen.

2.1 Næringsutvikling

2.1.1 Regionale møteplassar

Sogn regionråd vil byggja nettverk og samhandlingsarenaer og vil styrka samarbeidet med næringsliv, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar. Næringssektorene i dei ni kommunane møttest for erfaringsutveksling og samarbeid, og der tema også er samhandlingsarenaer med andre aktørar.

Leiar i Sogn regionråd deltek i Råd for samarbeid med næringslivet (RSA). Rådet skal bidra til at forskings- og utdanningsaktiviteten ved Høgskulen i Sogn og Fjordane treff dei kompetansebehova i arbeidslivet på dei felte som er aktuelle.

Høgskulen i Sogn og Fjordane arrangerte konferansen «Fisketom Sognefjord?» i samarbeid med Sogn regionråd, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Nærings- og fiskeridepartementet. Fleire av landets fremste ekspertar heldt føredrag om temaet. Sogn regionråd løyvde kr 50 000 i tilskot til konferansen.

2.1.2 Reiseliv

Produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv

På oppdrag frå Sogn regionråd har Segel AS laga ein produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv. Analysen er eit samarbeid med Visit Sognefjord AS som har bidrege med innspel undervegs. Studentar på reiselivslinja har gjennomført intervju og spørjeundersøking som del av si bacheloroppgåve.

Analysen viser at bedriftene ønskjer at eksisterande marknader vert vidareutvikla. Visit Sognefjord bør vidareutvikla marknadene både med profil- og produktmarknadsføring som støttar opp under dei ulike konseptane.

Mange aktørar er opptekne av produktutvikling. Analysen viser at manglande transporttilbod mellom enkeltprodukta er ei barriere og det bør bli betre samhandling mellom dei som bestillar transport, transportleverandørane og dei andre reiselivsaktørane. Sterkare fokus på organisering og samhandling i Sognefjordregionen ser ut til å bli ein viktig faktor for ei vellukka skulder- og wintersatsing. Aktørane meiner at Visit Sognefjord er ei rett satsing. Kunnskap om kvarandre sine produkt, utarbeida gode forretningsmodellar og betre informasjonsspreiing mellom aktørane er tiltak som analysen peikar på.

Visit Sognefjord bruker analysen for å utvikla Sogn som heilårs reisemål og reiselivsdirektør. RUP-midlane finansierte analysearbeidet

Marknadsføring

Sogn regionråd bidreg til den felles reiselivssatsinga i Sogn og gav tilskot med kr 240 000 av RUP-midlane til reisemålsselskapet Visit Sognefjord til internasjonal og nasjonal marknadsføring av reiselivsprodukta i Sogn.

2.1.3 Tilflytting og rekruttering

Karrieremesser

Sogn regionråd arbeider for å sikra busetjing og rekruttering til regionen. Sogn regionråd løyvde kr 60 000 til Framtidsfylket sine messer i Trondheim og Bergen. Regionrådet koordinerer kommunane si deltaking på messene og stiller med regionstand. Filmen Kom til Sogn (Falkeblikk) vart laga på oppdrag frå Sogn regionråd for å profilera Sogn. Filmen vert vist på messene i fellesprogrammet.

Karrieremessene er ein del av den etablerte satsinga på rekruttering til Sogn og Fjordane, og gir oss høve til å profilera regionen og breidden i arbeidsmarknaden. Messene får fram dei spennande jobbane som mange ikkje er klar over finst i vår region. Evalueringane viser at messene er ein viktig arena for nettverksbygging og møteplass for studentar, potensielle arbeidstakarar og næringsliv.

Bustadutvikling

På oppdrag frå Sogn regionråd laga Ideas2evidence ein analyse av bustadmarknaden i Sogn og fekk fram korleis kommunane møter bustadutfordringane. Analysen viser at det ikkje er tilgang på bustader som er det avgjerande med omsyn til lokal og regional utvikling, heller ikkje i Sogn. Bustadmarknaden er ein av fleire faktorar som spelar inn når det dreiar seg om kor attraktive kommunane i Sogn er for både eigne innbyggjarar og potensielle tilflyttarar. Fleire av kommunane i

Sogn har i dag nesten fråverande synleg leigemarknad, og rapporten viser til at det i seg sjølv er uheldig.

Rapporten føreslår fleire tiltak som kommunane eller regionrådet kan iverksetja for at regionen vert meir attraktiv for busetjing. Tiltaka er: å utvikla attraktive sentre, utvikle offentleg-privat samarbeid, planleggja og tilretteleggja for å «prøvebu» og gje stønad som stimuleringstiltak. Å sikra busetjing og rekruttera arbeidskraft til regionen er eitt av Sogn regionråd sine mål, og analysen gir oss eit kunnskapsgrunnlag om bustadmarknaden. Regionrådet vil arbeida vidare med oppfølging av rapporten. RUP-midlane finansierte utgreiinga.

Auke tal lære plassar

Sogn regionråd ønskjer å bidra til å styrka tilbodet og auka tal lære plassar i kommunane og private verksemdar. Næringsansvarlege fekk informasjon om lærlingeordninga sist haust og starta med å planleggja informasjonsmøte med aktuelle bedrifter. Møte vil bli arrangert kommunevis for å nå flest mogleg bedrifter.



2.2 Utdanning og kompetanse

Regionalt barnehage- og skulesamarbeid

”System for styrka læring” er kommunane i Sogn regionråd sitt program for barnehage- og skuleutvikling. Programstyret for System for styrka læring rapporterer til Sogn regionråd, og det vart halde 3 møte. Sogn regionråd har tilsett programleiar i full stilling. Programleiar er sekretær for programstyret, og deltek i regionale nettverk som styrarnettverk, rektornettverk og nettverket for barnehage- og skulefaglege ansvarlege.

Sogn regionråd vedtok i møtet 7. mai overordna programplan for "System for styrka læring" og programstyret vedtok i november handlingsplan for 2015.

Barnehagestemnet og fagnettverk for barnehagane

365 tilsette i barnehagesektoren i Sogn deltok på felles barnehagestemne 2. januar 2014. Tema var "Fagnettverk i fokus". Fagnettverk i "Tal, rom og form" reiste på studietur til Bergen. I oktober samla vi 64 assistentar til ei motivasjonsøkt til fagarbeidarutdanninga, og i oktober arrangerte vi saman med NAV Arbeidslivssenter ein arbeidsdag: "Partssamarbeid om helsefremmande barnehagar". IA-rådet i Sogn og Fjordane støtta tiltaket med kr. 100 000.

Entreprenørskap

Lærdal var vertskap for entreprenørskapsmessa for alle ungdomsskulane i Sogn 7. mai. Vi er truleg den einaste regionen i landet som arrangerer slike interkommunale messer på ungdomsskuletrinnet. Leiinga i Ungt Entreprenørskap i Noreg var gjest på messa i Lærdal, saman med dei ni ordførarane. Tradisjonen tru vart det regionale fagnettverket i entreprenørskap arrangert i september, i vertskommunen. Programleiar har også denne hausten to dagar med undervisning for 2. klasse ved Sogndal vidaregåande skule i programmet til Ungt Entreprenørskap "Frå utdanning til jobb".



Elevbedrifta i «Full fyr» ved Flatbygdi skule i Vik, vann i kategorien miljø og berekraft. Foto: Odd Helge Brugrand.

Motivasjon og meistring

Motivasjon og meistring er eitt av satsingsområda i System for styrka læring. Her bidreg Utdanningsdirektoratet med 75% stilling som utviklingsrettleiar for ungdomsskulane i Sogn. Regionrådet finansierer 25%. Stillinga blir samordna med Sogn regionråd sitt skuleutviklingsprogram. Utviklingsrettleiar rapporterer fagleg til dagleg leiar i Sogn regionråd. Styringsgruppa er skuleutvalet for Sogn og Fjordane.

Målsetjinga er tufta på St.meld. 22 Motivasjon – meistring – muligheter. Målet med satsinga er å vitalisere ungdomstrinnet, få større breidde, mangfald og variasjon av undervisningsmetodikk.

Satsinga er på grunnleggjande ferdigheiter, kollektiv kompetanseutvikling på einingane og bruk av lærande fagnettverk som utviklingsstrategi. For første gong vart det arrangert ei eiga samling for alle ungdomsskulelærarane den 13. august, med fokus på ungdomstrinnsatsinga og fagnettverka. Dei 20 nettverka for skulane vart elles gjennomført stort sett i tråd med planen.

Som ledd i arbeidet med å skape variasjon og mangfald i ungdomsskulane, arrangerte regionrådet utdanning à 6 studiepoeng i trafikalt grunnkurs. Dette gir moglegheit til trafikkopplæring på skulane, samt kompetanse til å undervise i trafikk som eige valfag på ungdomsskulane. 20 lærarar deltok, der 19 var frå ungdomsskulane i Sogn. Vi fekk kr 15 000 i tilskot frå Trygg Trafikk Sogn og Fjordane og kr 120 000 i støtte frå Trafikktryggleiksutvalet i Sogn og Fjordane.

Psykisk helse

Psykisk helse er eitt av dei seks satsingsområda i System for styrka læring. Vi tok eit spennande steg for utviklinga av heile oppvekstsektoren då regionrådet 12. september vedtok "Partnerskapsavtale for styrka psykisk helse i barnehagar og skular i Sogn". Partnerane våre er Høgskulen i Sogn og Fjordane (HISF), Utdanningsforbundet, Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU Vest) og HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen. Vi skal freiste å realisere sju tiltakspunkt, som samla skal styrke arbeidet med psykisk helse i regionrådskommunane. Vi arrangerte eit vellukka tverrfagleg nettverk i psykisk helse 21. mars for 73 deltakarar. Det var innleiingar frå fylkesmann Anne Karin Hamre, professor Terje Ogden og forskar Solrun Samnøy. Vi fekk økonomisk støtte frå RKBU og OU-midlar frå KS.



Ordførar og leiar i programstyret Ivar Kvalen, leiar Reidar Jacobsen ved RKBU Vest, hovudtillitsvald Anne Siri Bentsen i Utdanningsforbundet, rektor Åse Løkeland ved HISF og professor Bente Wold ved HEMIL-senteret signerte partnerskapsavtalen 3. oktober. Foto: Hanne Stedje/Sogn avis.

Felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn

Forprosjektrapport om felles PP-teneste vart levert til rådmannsgruppa 29. januar. Det vart grunnlaget til å gå i gang med eit hovudprosjekt, vedteke av seks av kommunane. Gunnar Stundal, tidlegare rektor ved Kvåle skule, vart tilsett som prosjektleiar. Dr. polit Wiggo Hustad frå Deloitte AS vart leigd inn som prosessrettleiar, og Høgskulen i Sogn og Fjordane, Statped Vest og Utdanningsdirektoratet deltok ved oppstarten av prosessen og i arbeidsøkta 29. august.

Hausten vart det gjennomført intervju med dei seks deltakande kommunane, samt fleire møte i arbeidsgruppa og styringsgruppa. Det er informert om prosjektarbeidet i styrarnettverk, rektornettverk og barnehage- og skuleregion Sogn. Vi fekk kr 200 000 i skjønsmidlar frå Fylkesmannen til hovudprosjektet.

Sogn Jord- og Hagebruksskule

Sogn regionråd støttar opp om Sogn Jord- og Hagebruksskule, og på politikardagen 26. mai oppmoda rådet Sogn og Fjordane fylkeskommune om å bidra til dei nødvendige investeringane for å sikra vidare drift av skulen.

2.3 Samferdsle

Sogn regionråd har samferdsle som eitt satsingsområde og arbeider for å styrka regionen sine samferdsleinteresser. Rådet har fleire prioriterte samferdsletiltak som vi aktivt arbeider for i høve avgjerdstakningar på statleg og fylkeskommunalt nivå. Sogn regionråd har i 2014 hatt særleg fokus på desse samferdsletiltaka innan det statlege transportansvaret og fylkesvegnettet:

1) Ferjefrekvens og nattferjer på sambandet Hella-Dragsvik-Vangsnes

Sogn regionråd arbeider for auka ferjefrekvens og nattferjer på sambandet Hella-Dragsvik-Vangsnes. Regionrådet har over tid vore i kontakt med Statens vegvesen Region vest for å få 30 minutt frekvens på dagtid og nattferjer på sambandet. Samferdslegruppa gav innspel til Statens vegvesen i møtet før ruteframlegget vart sendt på høyring og Sogn regionråd gav felles fråsegn i høyringsrunden. Samferdslegruppa møtte Samferdselsdepartementet 1. april.

2) Flyruter og nattstasjonert fly

Sogn regionråd gav innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune på Samferdselsdepartementet si høyring av anbod regionale ruteflygingar frå 1.4.2016. Sogn regionråd arbeider for nattstasjonert fly som vil gje betre regularitet og kapasitet.

3) Nasjonal Transportplan - lufthamnstruktur

Avinor gjennomfører eit utgreiingsoppdrag om lufthamnstrukturen. Prosjektet er ein del av arbeidet med Nasjonal Transportplan 2018-2027. Sogn regionråd arbeider for å styrka og utvikla Sogndal lufthamn. Vi kartla kva flyplassen betyr for private og offentlege verksemder. Sogn regionråd gav innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune og til Avinor sitt analysearbeid om lufthamnstruktur.

2.4 Helse

Helsegruppa arbeider med samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Samhandlingsreforma og Sogn lokalmedisinsk senter (LMS) var tema på felles formannskapsdag 5. september. Det var innleiingar frå fylkeslegen, administrerande direktør i Helse Førde, prosjektleiar i Sogn LMS og dei tre kommunane Luster, Sogndal og Vik.

Alf Olsen er regionrådet sin representant i koordineringsrådet i Helse Førde. Koordineringsrådet skal bidra til å utvikle og sikre kvaliteten på samarbeid og samhandling mellom partane.

2.5 Kommunereforma

Kommunane i Sogn regionråd gjennomfører ei felles utgreiing som skal gje kommunane eit grunnlag for å ta stilling til ev. kommunesamanslåing med andre kommunar i Sogn. Kommunereforma var tema på felles formannskapsdag 5. september med innleiing frå fylkesmannen, KS-leiar og avdelingsleiar frå Distriktssenteret.

Mandatet for felles utgreiing vart politisk vedteke i kommunane i løpet av hausten og i Sogn regionråd 5. desember. Mandat for felles utgreiing beskriv kva som skal utgreiast, korleis utgreiinga skal gjennomførast, organisering, økonomi og framdrift.

Felles utgreiing er eit supplement til kommunane sine prosessar.

2.6 IKT

2.6.1 Fellesordningar i Sogn regionråd

Overordna samarbeidsavtale

Samarbeidsavtalen mellom kommunane i Sogn regionråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune regulerer samarbeidet om IKT-tenester, og det er laga to delavtaler mellom samarbeidspartane:

- **Kommunenett:** Kommunikasjonsnettet bind kommunane saman med felles oppkoplingspunkt til fylkeskommunen. Løysinga er grunnlaget for digitale fellesløysingar.
- **GIS-løysing:** Sogn regionråd har avtale med fylkeskommunen om drift av GIS-systemet.

IKT-faggruppa

IKT-faggruppa er arena for IKT-relaterte problemstillingar i Sogn regionråd og gruppa rapporterer til rådmannsgruppa. Gruppa hadde tre møte i 2014 og arrangerte ei samling om telemedisin i september.

2.6.2 Samarbeid i fylket

Breibandforum

Sogn regionråd sin representant i Breibandforum er Geir Svendsen, Vik kommune.

IT-forum Oppvekst og Utdanning (tidlegare IKT Skulenettverk)

Nettverk som arbeider for å finna løysing for digitalt samarbeid på tvers av skulesteg. Sogn regionråd sin representant var Geir Svendsen, Vik kommune.

2.6.3 Geografisk informasjonssystem (GIS)

Kommunane i Sogn regionråd har felles GIS-løysing med programvare for oppdatering av kartdata og forvaltning av kommunale avgifter. I tillegg har kommunane felles kartløyising på sognekart.no der kartdata er tilgjengeleg for publikum. Sogn regionråd har tilsett GIS-koordinator i full stilling. GIS-koordinator rapporterer fagleg til dagleg leiar og rådmannsgruppa er styringsgruppe.

a) Adresseprosjektet

Prosjektet for å få på plass vegadresser i regionen starta i 2012 og vil halda fram til 2016. Det er gjennomført opplæring i kommunane. For dei to første prosjektåra fekk kr 275 000 i skjønsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

b) Kompetanseheving

Det er gjennomført intern opplæring for nye medarbeidarar og sakshandsamarar i regionen for bruk av GIS-verktøy: Innføring i bruk av GIS-line/GIS-line Vatn og avløp for 12 deltakarar over 7 kursdagar og adressering for 13 deltakarar over 5 kursdagar.

c) Fagdag GIS

I november hadde GIS-medarbeidarane og rådmennene ein felles fagdag med programvareleverandøren Norkart.

d) Samarbeid

Representanter frå regionen deltek i Geodatautvalget i Hordaland og Sogn og Fjordane, Norgedigital, GeoForum og Geovekstprosjektet.

e) SIMAS

Utviklingsprosjekt med Botek Systems AB frå Sverige og Norkart AS er i gang for det interkommunale avfallsselskapet. SIMAS skal få overføring av data frå renovasjonsbilar direkte til KomTek-programvare i sanntid. Automatisk vektregistrering av tømning frå bilar er i første omgang retta mot næringskundane. GIS-koordinator er prosjektleiar. I tillegg er det samarbeid med Septik 24 for å få integrasjon Slamtomter API og KomTek.

2.7 Samarbeidsfora i Sogn regionråd

2.7.1 Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa er eit forum for erfaringsutveksling og utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjonen i regionen. Rådmannsgruppa får arbeidsoppdrag frå regionrådet og organiserer det i samråd med dagleg leiar. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek i møta og skriv møtereferat.

Leiar for rådmannsgruppa i 2014 var Steinar Sjøgaard, rådmann i Aurland kommune. Gruppa hadde 6 møte og blant sakene har vore:

- Interkommunalt samarbeid om skogbrukskompetanse
- Det regionale barnehage- og skulesamarbeidet «System for styrka læring»
- Felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn
- Arbeidsgjevarkontroll og skatteoppkrevjing
- Adresseprosjektet
- Samarbeid innan plan, byggesak og kart/oppmåling
- Miljøsertifisering
- Kommunereforma
- Fagdag med GIS-medarbeidarar i kommunane og Norkart

2.7.2 Regionale nettverk

Regionale fagnettverk er arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette i kommunane, og gir høve for å setja tema på dagsorden, informera om aktuelle saker og samhandle med eksterne aktørar. Ungdomsnettverket vart starta opp i 2006, kulturnettverk i 2011 og næringsnettverk, HR/personal og helse- og omsorgsnettverket starta i 2012 og oppmålingsgruppa i 2013.

Barnehage- og skuleregion Sogn

Deltakarar er barnehage- og skulefagleg ansvarlege i kommunane. Programleiar i System for styrka læring og utviklingsretteleiar deltek. Tema for møta har vore satsingsområda i System for styrka læring, mandat for Barnehage- og skuleregion Sogn, PPT-prosjektet og forskrift om munnleg eksamen. Leiaren av nettverket var Kari Rønnestad, Balestrand kommune. Leiaren deltek i Skule- og barnehageutvalet (KS) og Forum for skule- og barnehageutvikling i Sogn og Fjordane.

Ungdomsnettverk

Nettverket hadde tre møte. Det har vore eitt temamøte med miljøkoordinator og helsesøster arrangert ved Sogndal vidaregåande skule i januar, med fokus på hybelungdom og deira kvardag. I samarbeid med organisasjon Ungdom og fritid vart det planlagt ei storsamling for ungdomsarbeidarar i heile regionen i oktober om temaet: Korleis få ungdom meir engasjert i sin eigen kvardag og fritid. Samlinga vart avlyst grunna flaum og stengde vegar. Leiar i Nettverket var Anita Lærum, Aurland kommune.

Kulturnettverk

Kommunar som ikkje har fast kulturleiar er representert med tilsette som dekkjer hovedtema for det aktuelle møte. Tema i møta har vore skilting, merking og opparbeiding av anlegg for

friluftsliv, organisering av ungdomsstyrte fritidstilbod, kommunikasjon ved hjelp av sosiale media og nettstader. Gruppa har fungert rimeleg godt også mellom samlingane. Leiar i kulturnettverk Sogn er Erling Bjørnetun, Luster kommune.

Næringsnettverket i Sogn

Deltakarar er næringsansvarlege i kommunane. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek på møta. Nettverket hadde tre møte. Tema var mellom anna reiseliv, korleis nytta skogressursane for verdiskaping, lærlingeordninga, karrieremessene, prosjektet «Bu i Sunnfjord» og samling om finanseringskjelder for bedriftsetableringar. Nettverket besøkte Highsoft i Vik, Lærdal Grønt og bedrifter på Fosshaugane Campus (Sgnskis, nlink m.fl.). Per-Odd Grevsnes, dagleg leiar i Sogn næring var leiar fram til Arve Tokvam, dagleg leiar i Lærdal næringsutvikling overtok.

HR-/personalnettverk

Deltakarar er personalmedarbeidarar i kommunane. Tilsette som arbeider med lønnsarbeid vert med i aktuelle saker. Det var 2 møte i 2014. Tema har vore lokale særavtalar, bruk av forhandlingsmodul, lokale tingingar, gjennomgang av rutinar, felles kursing i regelverk innan personal og erfaringsutveksling om personalarbeid som t.d. tilsetjingsprosedyrar, rekrutteringsarbeid og permisjonar. Bente Bakke, Sogndal kommune er leiar i nettverket.

Helse- og omsorgsnettverk

Nettverket hadde tre møte og tema har vore fullføring av meldingsløftet. Anne Margrethe Kråvik, pleie- og omsorgsleiar Leikanger kommune var leiar i nettverket fram til hausten. Leiaren i det regionale nettverket deltek i Forum for helse, omsorg og folkehelse.

Oppmålingsgruppa

Det har vore tre møte i faggruppa for landmålarane i regionen. GIS-koordinator deltek i møta. Tema har vore felles rutinar for oppmålingsarbeid, felles tekst til dokumentmalar, ny felles WEB-side med informasjon til publikum og få på plass ny versjon av Sognekart. I tillegg vart det halde eit kurs i slutten av april.

2.8 Orienteringar og gjesteforedrag

I møta i Sogn regionråd har desse delteke med innleiingar:

Terje Bakke Nævdal, administrerande direktør Sognekraft

Svein Sanden, lufthamnsjef Avinor

Synnøve Aabrekk, Segel AS

Per Jørgen Loen, opplæringsavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Anne Kauppi, Sogn opplæringskontor

Harry Mowatt, styreleiar, Anne-Marie Førde, direktør, Inge Bent Arnestad, adm. sjef,

Musea i Sogn og Fjordane

Ingebjørg Erikstad, fylkesdirektør, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Jan Ryste, dagleg leiar, KS Sogn og Fjordane

Kåre Træen, seniorrådgjevar Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Gro Rukan, dagleg leiar Framtidsfylket AS

Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord

2.9 Rapportar

Rapportar utarbeidd av eller på oppdrag frå Sogn regionråd:

- PPT-organisering - forprosjektrapport, Sogn regionråd, 2014
- Produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv, Segel AS, 2014
- Bustadmarknaden i Sogn, ideas2evidence, 2014

2.10 Fråsegner frå Sogn regionråd

Sogn regionråd har gitt følgjande fråsegner i 2014:

- Ferjeruter Hella-Vangsnes-Dragsvik og Mannheller-Fodnes til Statens vegvesen, 30.1.2014
- Dagkirurgisk aktivitet på Nordfjord sjukehus til Helse Førde, 20.1.2014
- Brannstudien til Justis- og beredskapsdepartementet, 28.2.2014
- Sognefjellstunnelane - konseptvalutgreiing og statusendring til Samferdselsdepartementet, 4.3.2014
- Verdskapsplanen for Sogn og Fjordane til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 24.4.2014
- Kunnskapsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet, 12.5.2014
- Framtida for Sogn Jord- og Hagebruksskule til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kunnskapsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet, 12.5.2014
- "Et enklere tiltakssystem tilpasset brukernes behov" til Arbeids- og sosialdepartementet, 2.7.2014
- Rovviltforvaltninga i region 1 og 3 til Klima- og miljødepartementet, 17.9.2014
- Regionale ruteflygingar til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 22.9.2014
- Ny akuttmedisinforskrift til Helse- og omsorgsdepartementet, 30.9.2014
- Struktur i høgare utdanning til Kunnskapsdepartementet, 11.11.2014
- Akuttutvalets delrapport til Helse- og omsorgsdepartementet, 10.12.2014
- Nasjonal transportplan 2018-2027, lufthamnstruktur til Avinor, 18.12.2014



Foto: Darek Hauderowicz

3 Rekneskapsoversikt - Sogn regionråd

Deltakarkommunar: Sogndal, Leikanger, Luster, Lærdal, Aurland, Vik, Balestrand, Høyanger og Årdal	2014	Revidert budsjett	Vedteke budsjett	2013
DRIFTSINTEKTER				
Refusjonar frå deltakarkommunar	-5 248 746	-5 056 000	-5 293 000	-5 138 557
Refusjon frå staten	-144 465	0	0	-217 877
Refusjonar frå fylkeskommunen	-6 880	0	0	-2 520
Refusjonar frå andre/private	-3 220	-246 000	-246 000	-161 597
Overføringar frå staten	-2 054 900	-285 000	-385 000	-599 900
Overføringar frå fylkeskommunar	-727 100	-710 000	-550 000	-1 058 300
Overføring frå kommunar	-30 000	-15 000	-25 000	-73 158
Overføringar frå andre	-65 955	-75 000	-75 000	-71 102
Mva kompensasjon	-479 604	0	0	-240 321
Sum driftsinntekter	-8 760 870	-6 387 000	-6 574 000	-7 563 332
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsumgifter	1 249 776	1 505 000	1 483 000	1 145 440
Sosiale utgifter	386 083	0	0	354 202
Kjøp av varer og tenester som går inn i kommunal tenesteproduksjon	3 912 310	3 499 000	2 971 000	3 759 022
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	0	0	0	0
Overføringar	2 363 219	2 153 000	2 125 000	1 955 848
Fordelte utgifter	0	0	0	0
Sum driftsutgifter	7 911 388	7 157 000	6 579 000	7 214 512
Brutto driftsresultat	-849 482	770 000	5 000	-348 820
Finansinntekter/finansutgifter				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	0	0	0	3 366
Renteinntekter	-85 150	0	0	-117 220
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-85 150	0	0	-113 854
Netto driftsresultat	-934 632	770 000	5 000	-462 674
Avsetjing og bruk av fond				
Bruk av bundne fond	-908 726	-870 000	-85 000	-628 538
Avsetjingar til bundne fond	1 843 359	100 000	80 000	1 091 213
Sum avsetjing og bruk av fond	1 843 359	100 000	80 000	1 091 213
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	1	0	0	1
Oversikt over fond Sogn regionråd				
	31.12.2014			31.12.2013
FOND SOGN REGIONRÅD-DIV. PROSJEKT	-1 311 105			-1 270 319
FOND SOGN REGIONRÅD-UNGDOM	-217 775			-118 375
FOND SOGN REGIONRÅD-BARNEVERN	-37 917 ²			-17 517
FOND SOGN REGIONRÅD-BARNEHAGE	-150 990			-115 991
FOND SOGN REGIONRÅD-SKULE	-524 220			-724 394
FOND SOGN REGIONRÅD-SKULE FAGNETTVERK	-370 663			-276 590
FOND SOGN REGIONRÅD-KONTIGENT	-277 245			-422 510
FOND SOGN REGIONRÅD-IKT	-2 589			-11 775
FOND SOGN REGIONRÅD-PSYKOLOGAR FOLKEHELSE	-1 020 000			0
SUM	-3 912 505			-2 957 471

² Kr 20 400 er ført feil på Sogn regionråd i 2014, og vil bli tilbakeført Sogndal kommune i 2015.

3.1 Bruk av fond

Det står kr 3 912 505 på fond pr 31.12.2014.

1. Diverse prosjekt

Kr 1 311 105 er unyttta RUP-midler (regionale utviklingsprosjektmidlar) frå fylkeskommunen og kommunane og tilbakeført meirverdiavgiftkompensasjon frå Sogndal kommune i 2013.

2. Ungdom

Kr 217 775 er midlar sett av til ungdomsnettverket i 2013 og er unyttta midlar som ungdomsnettverket disponerer i samsvar med aktivitetsplanen.

3. Barnevern

Det står att kr 17 517 som kan nyttast til barnevern til dømes kompetanseutvikling.

4. Barnehage

Unyttta eksterne midlar frå Fylkesmannen til kompetanse og utvikling kr 150 990 er sett på fond.

5. Skule

Unyttta midlar frå det regionale utviklingsprogrammet kr 524 220 er sett av på fond.

6. Fagnettverk

Unyttta midlar frå fagnettverka utgjer kr 370 663 og er i hovudsak kontigentmidlar.

7. Kontingent

Unyttta kontigentmidlar på kr 277 245 er sett på fond, og er i hovudsak sal av tenester til SIMAS og renteinntekter.

10. IKT

Unyttta midlar innan IKT kr 2 589 blir sett av og går mellom anna til samlingar.

11. Psykologar folkehelse

Helsedirektoratet har gitt tilsagn om kr 1 020 000 til psykologstillingar innan folkehelse. Stillingane vil bli oppretta i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.



Sogn regionråd
Postboks 153, 6851 Sogndal
Telefon: 57 62 96 14
E-post: postmottak@sogndal.kommune.no
www.sogn.regionraad.no



Aurland
kommune



Balestrand
kommune



Høyanger
kommune



Leikanger
kommune



Luster
kommune



Lærdal
kommune



Sogndal
kommune



Vik
kommune



Årdal
kommune